

REGLAR FOR UNGDOMSDEMOKRATIET I BJØRGVIN BISPEDØME

Reglar for ungdomsdemokratiet i Bjørgvin bispedøme, med utgangspunkt i vedtak på kyrkjemøtet 2020, vedtak på ungdommens kyrkjemøte 2022 og tidlegare mandat for ungdomsdemokratiet i Bjørgvin.

KAPITTEL 1: FORMÅL

Reglane skal leggje til rette for at unge i alderen 15-30 år kan få medverke i aktuelle saker regionalt, nasjonalt og internasjonalt i Den norske kyrkja, jf. Kyrkjeordninga §36.

KAPITTEL 2: UNGDOMSTINGET I BJØRGIN

§1 Generelle avgjerder

Ungdomstingets formål er å samle ungdom til inspirasjon, læring og utveksling av erfaringar.

Ungdomstinget er eit rådgjevande organ for biskopen og bispedømerådet som kan uttala seg i saker som gjeld Den norske kyrkja.

Ungdomstinget vert arrangert kvart år med ungdomsrådet og bispedømmet som arrangør. Dato for ungdomstinget skal kunngjerast minst åtte veker før ungdomstinget. Saker som skal handsamast må vere motteke av ungdomsrådet seinast fire veker før ungdomstinget. Ungdomsrådet kan etter eiga vurdering føye til saker som kjem opp etter nemnde frist. Innkalling med dagsorden og sakspapir sendast dei påmelde delegatane seinast to veker før ungdomstinget.

Det blir ført protokoll frå ungdomstinget. Sekretariatet får fullmakt til å rette skrivefeil og å gjere redaksjonelle endringar i protokoll frå ungdomstinget.

Bispedømerådet kan fastsetja nærare reglar om ungdomstinget etter uttale frå ungdomsrådet.

§2 Deltakarar på ungdomstinget

Ungdomstinget i Bjørgvin bispedøme skal bestå av:

- a) Inntil to delegatar oppnemnde av kvart av sokneråda i bispedømmet. For sokn med meir enn 15 000 medlemar kan det stilla ein ekstra delegat pr 5000 medlem.

- b) Inntil to valde delegatar frå kvar av dei organisasjonane som er tilknytte “plattforma Kirkens barn og unge” og som driv ungdomsarbeid og har lokallag i minst eit sokn i bispedømet.
- c) Medlemar av ungdomsrådet.
- d) Medlemar av bispedømerådet som er under 30 år.

Alle delegatane må vere i aldersgruppa 15-30 år og vere medlem av Den norske kyrkja jf. Kyrkjeordninga §40 første ledd.

Ungdomstinget kan gje gjestar og andre inviterte talerett.

§3 Dagsorden for ungdomstinget

§3-1 Opning og konstitusjon

1. Opning ved representant frå ungdomsrådet
2. Val av dirigentskap
3. Godkjenning av innkalling
4. Godkjenning av dagsorden
5. Godkjenning av saksliste
6. Val av referent
7. Val av teljekorps
8. Val av to protokollunderskrivarar
9. Godkjenning av fullmakter
10. Årsmelding frå ungdomsrådet
11. Saksbehandling
12. Val av ny valkomité
13. Val av nytt ungdomsråd

§3-2 Saksbehandling

Ungdomsrådet fastset dagsorden med modell for gjennomføring av saksbehandling seinast to veker før ungdomstinget. Det er mest vanleg å behandla saker gjennom plenum- og komitéarbeid.

§3-3 Val

Det skal veljast valkomité til neste ungdomsting. Valkomiteens medlemar vert valde for eit år om gongen.

Det skal veljast nytt ungdomsråd. Sjå *kapittel 3: ungdomsrådet* for utfyllande reglar for ungdomsrådet.

KAPITTEL 3: UNGDOMSRÅDET

§1 Generelle avgjerder

Bispedømerådet stiller med ein tilsett-ressurs utan stemmerett i ungdomsrådet.

Bispedømerådet kan fastsetja nærare reglar om ungdomsrådet etter uttale frå ungdomsrådet.

§2 Medlemar i ungdomsrådet

Ungdomsrådet skal bestå av seks medlemar i aldersgruppa 15-30 år. Dei skal vere valde av ungdomstinget. Ungdomstinget vel også inntil tre varamedlemar til ungdomsrådet.

Ungdomsrådets medlemar vert valde for eitt år om gongen.

Val av leiar og nestleiar skjer ved fyrste møte etter ungdomstinget.

§3 Ungdomsrådets oppgåver

§3-1 Lokalt i bispedømet

Ungdomsrådet er eit rådgjevande organ for biskopen og bispedømerådet i saker som angår kyrkje og samfunn. Dette gjeld særskilt i saker som vedkjem ungdom.

Ungdomsrådet skal førebu og fylgje opp dei saker som handsamast av ungdomstinget.

Ungdomsrådet skal på eige initiativ ta opp aktuelle saker innanfor sitt område.

Ungdomsrådet skal arbeide for samarbeid mellom dei ulike ungdomsmiljøa i bispedømet og leggje til rette for fellesarrangement.

Ungdomsrådet skal minst ein gong per år innkallast til eit møte med bispedømerådet.

§3-2 Nasjonalt

Ungdomsrådet skal fylgje opp saker frå Ungdommens kyrkjemøte (UKM) og Den norske kyrkjas ungdomsutval (DnkU) lokalt i bispedømet.

Ungdomsrådet vel to delegatar som skal representere ungdomsrådet på UKM.